

Døsslandspia på offensiven - vann i Drammen**13.08.2011**

Døsslandspia, kaldblodshoppa som er født på Døssland og er oppdretta der av Halvard og Gudrun, er på offensiven att. I ettermiddag vann ho løp nummer 7. på Drammen Travbane, ein tidel foran nummer 2.

Kilometertida var 1,29,7 og premien 50.000 kroiner. Dette var eitt V 75-løp.

Døsslandspia vart født i 2003 og gjorde det skarpt i 2007/2008. Ho hadde ein gunstig periode som stasjonert i Nord-Noreg men var ute frå løpsbiletet eitt års tid.

Hesten er no eigd av Roy Døssland i Hurdal. Denne gongen var ho sett opp som favoritt og innfridde..

Kusk i dag var Per Oleg Midtfjell. For stutt tid sida gjorde hoppa det også godt på Jarlsberg og det er no knytt store forventningar til henne.

Av Ola Matti Mathisen